

Lindås kommune  
Teknisk etat  
Rådhuset  
5914 ISDALSTØ

137/168

10 MAI 2006

06/00735 008481/06  
4133

Isdalstø, 10.mai 2006

## PROTEST I SAMBAND MED BYGGEPROSJEKT I ISDALSTØ

Det er kome oss for øyre at det føregår planlegging og prosjektering av inntil 12 bustader på gnr. 137, bnr. 168 og bnr. 703 i Lindås kommune – nærmere bestemt i Isdalstø.

Vi har førebels ikkje motteke nabovarsel eller annan offisiell informasjon om prosjektet, men har fått stadfesta av sentrale personar i Lindås kommune at slikt prosjekt er under planlegging.

Eigedommen har tidlegare vore nytta som fritidsbustad, og er seinare omregulert til 1, og deretter til 2 einebustader. Det er vegrett til bnr. 168, tilhøyrande den private vegen som er kosta og vedlikehalden av eigarane. Det er IKKJE vegrett til bnr. 703.

Det er også akseptert tilknyting til vass- og kloakk-systemet for desse 2 nye bustadane. Dersom vi hadde vore kjend med at det var tenkt fleire bustader, ville vi aldri akseptert slik endring. Dersom det no skal nyttast til monaleg fleire bustader, forandrar dette saka så dramatisk, at vi ser oss nøydde til å protestere på det sterkeste!

Eigedomen har ikkje tilførselsveg som er dimensjonert for slik auka trafikk, og det er heller ikkje parkeringsplass for slik auke. Dernest kjem at tilførsel til og frå hovudveg er trafikkfarlig pr. i dag, og dersom det skal aukast antall bustader med 10-12 einingar, vil dette medføre om lag 15-18 fleire bilar som skal inn og ut på vegen, noko som heilt klart VIL medføra ulukker på eitt eller anna tidspunkt.

Vi vil difor be Lindås kommune snarast orientere oss om kva som er under planlegging, og få ein førebels uttale frå kommune om korvidt ein ser dette som akseptabelt og tilrådeleg utbygging av området.

Med helsing

Magnar Skjelvik  
Magnar Skjelvik  
Grunneigar og nabo

Odd Ones  
Odd Ones  
Grunneigar og nabo